



Alver kommune, Plan og byggesak  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: 099f1280-c5f6-4d82-9786-  
a1f8ac8f1aa8  
Vår: 22/5213 - 22/58273

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Dato:

27.07.2022

## Gbnr 349/58 lo - søknad om etablering av rasteplass/overnattingsbu - uttale kultur

Viser til førespurnad om å koma med uttale til søknad om etablering av rasteplass/overnattingsbu/padlehuk på gbnr 349/58 lo. Eigedommen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen for Meland sin arealdel er definert som grønstruktur. Tiltak ligg i bandleggingssone H740, jf. føresegn 4.4.3 i kommunedelplan

Padlehukar er små, enkle bygg som står opne og er tilgjengelege for ålmenta for pausar og overnatting. Padlehuken vil i følgje søknaden verta bygd slik at det er eit reversibelt tiltak. Den skal tilpassast omgjevnadene i storleik, utforming og fargeval. Den omsøkte padlehuken vil inngå i eit nettverk av padlehukar og overnattingstilbod ved sjø.

Den aktuelle eigedommen der padlehuken er tenkt plassert ligg i eit statleg sikra friluftsområde på nesten 800 mål. Det er berre søndre del av området som per i dag er tilrettelagt. Her er det mellom anna parkeringsplass, teltplass og toalett. Denne delen av området ligg ikkje i tilknytning til sjø, men fungerer som tilkomst til resten av friluftsområdet. Det går stiar vidare nordover i området, men desse stiane er per i dag lite tilrettelagde og dels gjengrodd. Dette gjer at heile området nord for parkeringsplassen per i dag er lite tilgjengeleg for gåande og dermed lite nytta.

I kartlegginga av friluftsområde frå 2016 vart den nordvestlege delen av lo og sjøområda nærast land skildra slik: «*Den ytste delen av området er mest populær for båtfolket, mellom anna Kobbevågen og nokre pollar på nordsida. Bra fiske. Området er delvis tilplanta av gran og er prega av mykje gjengroing. Nokre stader hindrar skogen bruken av området, og det gamle utsiktspunktet Ørnehaugen er ganske gjengrodd. Speidaren og skuleklassar nyttar delar av området i blant.*» Området vart klassifisert som eit viktig friluftsområde.

Det er vår vurdering at ein padlehuk på den aktuelle plasseringa vil løfta friluftskvalitetane i området. Dette gjeld særleg for dei som kjem sjøvegen. Padlehukar er eit etterspurt tiltak blant padlarar, og eit nettverk av padlehukar vil gjera området meir attraktivt for padling spesielt og friluftsliv generelt. Søkjar skriv i søknaden at dei ynskjer å merka sti frå parkeringsplassen og

utover. Vert dette gjennomført vil padlehuken kunna vera eit attraktivt tilbod også for dei som kjem gåande.

Me kan ikkje sjå at dette tiltaket vil ha særlege negative konsekvensar. Det er eit reversibelt tiltak, det er eit mindre bygg som er tilpassa omgjevnadane i utforminga, og det vil vera ope og tilgjengeleg for ålmenta.

På bakgrunn av dette vil me rå til at det vert gjeve løyve til oppføring av padlehuk på den aktuelle plasseringa på lo.

Med helsing  
Alver kommune, Kultur

Bente Kopperdal Hervik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune, Plan og byggesak    Postboks 4                    5906                                    FREKHAUG